

Referat SU – Skolemiljøutval

Tysdag 13. oktober 2020 Kl 18:00

Til stades: Svein Arild Johannesen, Katrine Kristiansen, Gro Ellen Mikkelsen, Ida Holgersen, Olaug Stava Fabu

Forfall: Camilla Nævdal

9/20 Godkjenne innkalling

Innkalling blei sendt pr mail. Elevrepresentantane får papirinnkalling. Det er ok for medlemmene.

10/20 Konstituering

Leiar: Svein Arild Johannesen (fau)

Nestleiar: Katrine Kristiansen (andre tilsette)

Sekretær: Elia Aase, rektor

Styremedlem: Camilla Nævdal (fau), Gro Ellen Mikkelsen (pedagog) Ida Holgersen (elevråd), Selma Flatebø (elevråd) og Olaug Stava Fabu (Karmøy kommune)

Vara: Bente M Sund (pedagog) Signe Solnørdal (andre tilsette)

11/20 Su og Smu

Skulen har hatt eitt utval. Opplæringslova §11-1 og §11-1a seier at utvala kan gjerast om til eitt, men då må elevar og foreldre vere i fleirtal.

Utvalet består av 3 tilsette, 2 elevar, 2 foreldre og to kommunale (politikar og rektor). Rektor har ikkje stemmerett.

Vedtak: Kjem det til ei avstemming under Klasse/skole-miljø-punktet på møtet, mistar skolerepresentantane ein stemme. Då blir elevar og foreldre i fleirtal i slike saker.

12/20 Elevrepresentantane har ordet

Ida fortalte korleis det er med timar og friminutt under koronasmitteverntiltak, om korleis rutinane er. Ho meinte at det var litt kjedeleg å måtte vere på mindre områder, men at det går veldig bra.

Ho fortalt også litt om TL, og uteleikekassar som klassane har fått. SMU blei einige om å minne lærarane på at dei har fått eit hefte med TL-leikar, og at dei må lære elevane desse i gymtimane. Etter det kan dei setje klassen i gong med uteleikar minimum 2 gonger pr veke.

13/20 Inkluderande skolemiljø

På heimesida vår ligg ulike dokument for Inkluderande skolemiljø.

Sida har fått namn etter vår plan for eit trygt og godt skolemiljø som heiter nettopp Inkluderande skolemiljø. Denne planen skal alle som jobbar på Stokkastrand «kunne»; det er den som skal prege skoledagane. I tillegg har personalet ei rutine for korleis ein skal jobbe med forebygging



Spekterundersøking blei gjennomført i september. Den viser noko oppgang i mobbing. Me har ligge lågt i mange år, men nå ligg det på landsgjennomsnittet. Heldigvis ingen saker me ikkje allereie var på. Sosiallærer og innsatsteamet jobbar med dei. I hovudsak jobbar me mot klassen. Nyare forskning seier ein del om at mobbing skjer fordi gruppa tillet det. Derfor jobbar ein mykje inn mot gruppa, samtidig som ein set fokus på den som mobbar/blir mobba.

Digital mobbing blir det rapport lite om. 2-3 elevar som har opplevd det ein sjeldan gong, og ikkje noko alvorleg, og då helst frå andre enn her på skolen.

Uro er omtrent som før. Nokre klassar melder om uro, der dei vaksne ikkje er einige. Slik skolen er i dag, med mykje samarbeid og diskusjon, vil det alltid bli meir lyd i klasserommet. Me snakkar mykje med elevane om kva uro er, og kva som er god jobbing mens ein snakkar. Nokre klassar kan likevel bli betre på god klasseromslyd og fokus.

Fellessamling er viktig for skolen, skolemiljø og fellesskap. Dei kan ikkje gå føre seg i gymsalen på vanleg vis. Me har gjennomført ute og i teams. Ida er einig at det er kjekt med fellessamling, og at var heilt ok også i teams. Skolen har gjort nokre investeringar for å få dette til. Sitjeunderlag til elevane, og lydanlegg til å bruke ute. Me håper på mange flotte fredagar utover hausten slik at me kan gjennomføre dei i lag ute i skolegarden. Det er aller kjekkest når me får vere i lag!

14/20 Superhelt i kvardagen – meg, deg og plassen me bur på.

Me går inn i siste halvår av prosjektet som har fokus på eiga livsmeistring, ta vare på klassevenner og ta vare på naturen rundt oss.

Det er satt opp eigne mål for dette arbeidet. Rektor viste måla og dei opplevingane som er gjennomført, og som skal bli opplevd utover hausten. Grand finale er ei framsyning i Kopervik kino. Framsyninga heiter «Acts of kindness make me bloom!» Viss pandemien hindrar oss i å ha framsyning i kinoen, kan me lage video eller utsetje den eitt år.

15/20 Informasjon frå skolen

Ein lærar har nettopp gått ut i permisjon. I desember skal ein tilsett bli pensjonist.

Karmøy kommune skal inn på nokre nye arkivsystem. Skolen har fått nokre ekstra ressursar til dette arbeidet fram mot jul, men arkivsystemet er ikkje heilt klart endå. Rektor har løyst det ved å gjennomføre medarbeidarsamtalar nå i haust, slik at tida er noko friggitt i vinter når systema er klare.

Pedagogane har fokus på den nye læreplanen som trådde i kraft i august. Me har allereie jobba med den i 2 år. Nå i haust har me hatt fokus på årsplanar. Utover haust og vinter vil det bli fokus på vurdering og elevmedverknad.

Stangaland skole. Rektor viste bilete frå uteområdet. Det kom opp spørsmål om Droppsoner ved den nye skolen. Rektor spør



oppvekst om dette er tenkt på.
Elevrådet og 2.klasse frå begge skolane deltok på ei markering for skolen 18. september. Ida fortalt oss litt frå markeringa.

5.november skal der vere ei rådgjevande folkeavstemming angående målform på Stangaland skole. Fau ville sjekke ut kva foreldra her på huset ønskjer ang engasjement rundt saka. Rektor har ikkje høyrd noko etterpå. Ho etterspør dette.

16/20 Eventuelt

Smittevern og strenge rutinar gjer at elevar som eigentleg ikkje er sjuke, må vere heime frå skolen. Skolen har likevel opplæringsplikt ovanfor elevane. Skolen ringjer då opp desse elevane, og får dei i gang med arbeid som lærarane frå den enkelte klasse har laga klart i Showbie. Dei kan også ringje tilbake til lærar om dei treng hjelp.

Stokkastrand skole 15.10.2020

Referent Elia Aase, rektor

